



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

## (MØTEBOK)

## FELLESRÅDSSAKER

**Møtedato: 19.09.2024**

Tilstades medlemmer: Tone Sævi, Odd-Arild Torstensen, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, Stine Waage, Martin Karlsen, Monica Thomassen Waage og Stein Hugo Fykse.

Varamedlemmer: Hilde Koppen.

Ikkje møtt: Laila Byrkjeland Husa.

Kommunal representant: Gidske Kolltveit Borge.

Frå kyrkjekontoret: *Evj Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: F 19/24 – 21/24

F 19/24	<b>GODKJENNING AV INNKALLINGA OG EVALUERING AV REFERATET FRÅ 27.05.2024</b>
<b>Vedlegg</b>	Møteboka frå 27.05.2024 Innkallinga til møtet 19.09.2024
<b>Vedtak:</b>	<b>Referat godkjent utan merknader.</b>

F 20/24	<b>ORIENTERING</b>
	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kva som vert gjort med tanke på tilstandsrapport på kyrkja</li><li>• Samarbeidsmøte med kommunen 29. august</li><li>• Kontant offer vi frå 1. januar 2025 går direkte til kyrkjelydsarbeidet. Dette er for å redusere administrativt arbeid og høge innskuddsgebyr.</li><li>• Dietrich Johannes Buder Orgelverksted AS har hatt vedlikeholdsservice på orgelt i september. Soknet ble anbefalt å ha ein stor service i 2029, då er orgelet 50 år. Dette blir en stor kostnad, og soknet bør ha eit eige budsjett for dette.</li></ul>

F 21/24	<b>NYE FESTEAVGIFTER</b>
---------	--------------------------



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

## Bakgrunn:

Noverande festeavgifter vart regulert førre gang med verknad frå 1. januar 2019. Dette er no over 5 år sidan og det er på høg tid å få avgiftene regulert på nytt.

Vedtak om nye festeavgifter vert vedtatt som ei tilråding til kommunestyret. Kommunestyret skal vedta avgiftene.

Arbeidet med utvidinga av gravplassen vart slutført i 2024, som også inkluderer ein namna minnelund. Dette aktualiserer også behovet for ein revisjon av avgiftene.

## **Eksisterande avgifter:**

Etter gravplasslova har kvar grav ei fredingstid på minimum 20 år, før festeavgift kan krevjast. Fedje sokn har ei fredingstid på 20 år og har vidare eit system med festeavgifter som aukar med alder på grava. Denne trappa er delt inn i to 20 års bolkar, der graver mellom 20 og 40 år kostar kr. 300,- året og graver mellom 40 og 60 år kostar kr. 400,- året. Graver mellom 60 og 99 år kostar kr. 600,- året. Graver som er over 60 år gamle skal normalt slettast, men kan festast vidare etter søknad. Er grava 100 år skal den uansett slettast, om den ikkje unntaksvis er verneverdig.

Festeavgift kan betalast for maksimalt 5 år om gongen. Det er også mogeleg å be om å få betala avgift for kortare tid enn 5 år.

Barne og urnegraver har halv festeavgift. Grunnen til dette er at desse gravene opptek mindre plass enn ei ordinær kistegrav.

Kostnaden for å reservera grav (såkalla dobbeltgrav), er for tida slik at ein betalar reservasjon for dei første 10 åra og så vidare i inntil to 5 års bolkar. Kostnaden for denne reservasjonen følgjer no den årlege satsen på den lågaste festeavgifta, som er kr. 300,- pr. år. Det vil seia at avgift for å reservera ei grav no kostar kr. 3000,- for den første 10 års perioden.

Det er også eit gebyr for utanbygds kiste og urnegravlegging. Kostnaden for dette er kr. 9000,- og kr. 6000,-. I gjeldande oversikt på avgiftene er det ikkje skilt ut gebyr for utanbygds kiste og urnegravlegging utan seremoni.

## **Avgiftsnivå samanlikna med andre:**

Fedje sokn sine avgifter er på ingen måte prisdrivande. I Alver er festeavgifta for graver mellom 20 og 60 kr. 680,- pr. grav pr. år. Skal ein festa graver ut over 60 år kostar dette kr. 1140,- pr. år. Avgiftene vert indeksregulerte årleg. Her vert det krevd avgift for 5 år i slengen.



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Reservasjon av grav kostar for tida kr. 13 600,- som ei eingongsavgift. Summen er kostnaden for årleg festeavgift ganga med 20 friår. Denne kostnaden vil også regulera seg sjølv i takt med auken av festeavgiftene. Dette er ein eingongskostnad som ikkje vert refundert.

Austrheim har festeavgifter på kr. 500,- året for graver mellom 20 og 60 år og kr. 900,- for graver over 60 år. Reservasjon av grav følgjer samme prinsipp som på Fedje, med eit gebyr for 10 år som ei eingongsinnbetaling, og så gebyr på inntil 2 x 5 år. Austrheim sokn sine festeavgifter står framfor ny revisjon, så desse vil auka i forhold til det som er gjeldande satsar.

Ut frå Gulen og Masfjorden sine heimesider er festeavgiftene der respektive kr. 200,- og kr. 300,- årleg. Gulen sine festeavgifter har ikkje vore regulerte sidan 2017.

Om ein ser på gebyr for *utanbygds* gravlegging, så ligg Alver kyrkjelege fellesråd langt over alle andre fellesråd i prostiet. Til og med betydeleg høgare enn Bergen Kirkelige Fellesråd. Ut frå prislista til Alver så kostar ei utanbygds kistegravlegging for ei enkeltgrav utan seremoni kr. 33.520,-. I denne summen ligg eit gebyr for sjølve kistegravlegginga (som er tett på kr. 20 000,-) i tillegg til festeavgift for dei første 20 friåra (kr. 13.600,-). Til samanlikning har Bergen Kirkelige Fellesråd eit gebyr for sjølve kistegravlegginga på kr. 12.437,- i 2024. Prinsippet med gebyr for utanbygds gravleggingar, er at gravplassmyndigheita ikkje skal ha utgifter med eller «sponsa» dei som ikkje er heimehøyrande i kommunen som ønskjer å bli gravlagde her. Det vil likevel vera ei skjønsvurdering kva nivå ein skal leggja seg på, for å finna eit treffande nivå på dette gebyret.

Ein bereknar festeavgift på kvar utanbygds gravlegging frå dag 1. Den som er heimehøyrande i kommunen har rett på ei frigrav dei første 20 åra. Den som er utanbygds har ikkje rett på dette.

Det kan vera grunn til å anta at press på areala på gravplassane er medvirkande til at til dømes Alver har så høge gebyr. Dermed oppnår ein ein viss «avskrekkande» effekt og hindrar ein del til å velja ei grav utanfor eigen kommune.

### **Namna minnelund:**

Fedjesamfunnet har no fått ein namna minnelund på Bøgardsvika gravplass. Dette er framtidsretta og erfaringar frå andre stader syner at dette er ei form for gravlegging som vert meir og meir etterspurt.

Framsida på den felles gravsteinen har plass til 54 namneplater.

Framfor gravsteinen er det regulert eit urnefelt med plass til 36 urner.

Det vil i framtida vera mogeleg å setja ned urner andre stader enn i det særskilte feltet som er berekna til dette og så få opp ei namneplate på



# DEN NORSKE KYRKJA

## Fedjekyrkja

den felles minnesteinen. Det vil i framtida også kunna vera mogeleg å få montert namneplater på den andre sida av minnesteinen.

Reglane pr. no opnar IKKJE for namneoverføring til den felles minnesteinen i ein namna minnelund. I dette ligg det også ein viss logikk i at ein då kunne koma i ein situasjon der minnesteinen vart fylt opp av namneplater til dei som ønskjer namneoverføring.

Det vil vera mogeleg å reservera ei grav i minnelunden, tilsvarande som i eit ordinært gravfelt. Ei urnegrav i minnelunden har ein storleik på 0,5 x 0.5 meter.

Det vert krevd festavgift for urner i ein namna minnelund, tilsvarande som for eit ordinært kistegravfelt, etter at friperioden på 20 år er over. Kostnaden for slik festeavgift vil vera 50 % av kostnaden for å festa ei kistegrav.

Gravplassmyndigheita kan og bør ta eit gebyr for kvar minneplate som vert montert på steinen. For å berekna kostnaden for dette kan ein stipulera vedlikehaldskostnader, kostnad minneplater, gravering og ganga dette opp med 20 friår. Andre omsyn kan vera at ein ønskjer å stimulera til at den namna minnelunden vert brukt aktivt og på den måten senka prisen for kvar minneplate. Bergen Kirkelige Fellesråd opererer med ein kostnad på oppunder kr. 8000,- for første minneplate og ca. kr. 1300,- for neste (t.d. for par som ønskjer dette). Uansett er ei minneplate langt rimelegare enn ein gravstein og ein slepp i tillegg ansvaret med å stella grava.

### **Indeksregulering?**

Det er no 5 år sidan førre justering av festeavgiftene. Soknerådet bør difor ha ei meining om avgiftene skal revurderast oftare. Alternativet er at ein vedtek eit ønskje om automatisk oppjustering av avgiftene, ved årleg justering tilsvarande konsumprisindeksen.

### **Drøfting:**

Når gravplassen på Fedje nok ein gong er utvida, så er det med den klare målsetjinga om at dette vert siste gongen dette skjer. Aktiv og bevisst bruk av festeavgifter og andre gebyr vil medvirke til at bruken av gravplassen vil vera berekraftig. Jordsmonnet og dreneringa på heile gravplassen er no slik at gjenbruk i form av nye kistegraver, vil kunne la seg gjennomføra fordi nedbrytinga av dei eldste gravene då vil vera tilfredsstillande. For at denne resirkuleringa skal fungera, så er ein avhengig av at tilstrekkeleg mange slettar dei eldste gravene.



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

Som ein del av denne strategien bør ein heller ikkje stimulera til at folk vel å *reservera* kistegraver, såkalla dobbeltgraver. Doble graver betyr eit press på arealet. Dei som ønskjer ei slik løysing bør difor betala for det. Det kan også bety at ein ikkje set av eigne område på gravplassen som er berekna på doble graver. Der ein har eigne felt med doble graver vert gravminnene midtstilt. Ulempa med å ha gravfelt med både doble og enkle graver om ein annan, er at gravsteinane ikkje vil stå symmetrisk. (Soknerådet bør ha ei meining om dette og ta dette med i drøftinga i denne saka).

For å stimulera til mindre bruk av reserverte graver, bør festarar betala kostnaden for å reservera ei grav tilsvarande kostnaden for heile friperioden på 20 år, *som ein eingongssum utan høve for refusjon*. Det betyr at reservasjonskostnaden vil vera den same enten denne grava vert tatt i bruk om eit halvt år etter reservasjonen eller 20 år lengre fram i tid. Tanken bak pristrappa som gjeld no, har vore eit ønskje om å gjera det lettare for gjenlevande å få sjanse til å ombestemma seg. Kanskje livssituasjonen er ein heilt annan etter 10 år? Ein har flytta, funne seg ein ny livspartner eller andre årsaker som gjer at ein kan tenkja seg å frigje den grava ein har reservert. I Austrheim har vi hatt denne ordninga i 5 år no og den har til no ikkje blitt brukt. Difor vil ein (høg) eingongssum vera å foretrekka, både fordi den vil stimulera til mindre bruk av doble graver og at den vil vera enklare å administrera. Gjeldande avgift på å reservera grav på Fedje kostar no kr. 3000,- og gjeld dei første 10 åra. Dette er ein kostad som på ingen måte virkar avskrekkande.

Det er også ønskjeleg at ein går vekk frå den avgiftstrappa ein har no, med 20 årsbolkar med stigande avgift. Ein bør heller redusera avgiftstrappa slik at ein får 2 avgiftsnivå: eitt nivå mellom 20 og 60 år og eitt nivå for graver mellom 60 og 99 år. Begge avgiftsnivåa bør vesentleg opp i forhold til dagens prisnivå og avgifta for graver over 60 år bør auka betydeleg meir enn tilfellet er no. Dette for å stimulera til meir sletting av dei eldste gravene og på den måten leggja til rette for gjenbruk. Kyrkjeverja foreslår ei avgift på kr. 500,- året for graver mellom 20 og 60 år og kr. 900,- året for graver over 60 år. Då legg ein seg på samme prisnivå som Austrheim sokn har hatt dei siste 5 åra. Sidan Austrheim Sokn kjem til å oppjustera sine avgifter, vert Fedje sine satsar heller ikkje prisdrivande.

Kostnaden for *utanbygds gravlegging* må opp i forhold til dagens nivå. I tillegg til ein ein grunnsom for sjølve gravlegginga, bør ein plussa på festeavgift for dei neste 20 åra, som er friår for dei som høyrer heime i kommunen. I denne saka er det sjølve avgifta for utanbygds gravlegging som vert regulert. Kva kostnaden for leige av kyrkja og kyrkja sitt



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

personell skal kosta, er kommunen utedkommande og vert avgjort på sjølvstendig grunnlag av soknerådet i eige vedtak. Dagens satsar for utanbygds gravlegging er alt for låge. Utanbygds urnegrav (utanom den namna minnelunden) bør kosta det halve i forhold til ei utanbygds kistegrav. Kyrkjeverja foreslår ein grunnpris på kr. 10 000,- for utanbygds kistegrav + 20 år med festeavgift. Tilsvarande kan ei utanbygds urnegrav kosta kr. 5 000,- + 20 år med festeavgift. Dermed ivaretek ein prinsippet om at ei urnegrav skal kosta det halve av ei kistegrav. Utanbygds gravlegging er momspliktig omsetjing. Omsetjinga til soknet er endå ikkje på eit nivå som gjer at ein kjem inn i momsregisteret. Den dagen det skjer må det leggjast på 25% mva. til gravleggingstenesta. Festeavgift er ikkje mva. pliktig.

Namneplater på den namna minnelunden vil også ha ein kostnad. Slik som ein vurderer prisfastsetjinga i Bergen Kirkelige fellesråd, så har ein lagt til grunn framtidige drift og vedlikehaldskostnader for minnelunden og ganga dette opp med 20 friår. Kostnaden i Bergen er no nesten kr. 8000,- pr. plate og ein betydeleg lågare pris for plate nr. 2, om gjenlevande ektefelle partner også ønskjer å bli gravlagt i minnelunden. Det skal vera høve til å reservera grav i minnelunden også. BKF opererer med prinsippet om at ein slik reservasjon skal kosta verdien av festeavgift på 20 friår.

Signal som gravplassmyndigheita har fått, er at ein bør stimulera til at minnelunden vert brukt aktivt. Difor bør kostnaden for ei namneplate vera på eit nivå som bidreg til dette.

Kyrkjeverja foreslår difor ein kostnad for kvar namneplate på kr. 4.000,- som er halvparten av kostnaden som Bergen Kirkelige Fellesråd operer med. Prisnivået vil uansett vera ei skjønsmessig vurdering. Uansett er kostnaden for ei namneplate langt rimelegare enn ein gravstein.

Om soknerådet oppfattar avgiftstrukturen som tilstrekkeleg gjennomarbeidd, så er kyrkjeverja av den oppfatninga at forholda bør liggja til rette for årleg indeksregulering av festeavgiftene og gebyra for utanbygds gravlegging. Leige av kyrkja og kyrkja sitt personell vil ikkje vera ein del av dette vedtaket og vil koma i tillegg. Det same vil gjelda for kostnader for gravstell som soknet administrerer.

### **Framlegg til vedtak:**

*Fedje sokneråd tilrår følgjande justering av festeavgifter og gebyr for utanbygds gravlegging. Nye avgifter skal gjelda frå 1. januar 2025. Alle avgifter vert justert årleg tilsvarande konsumprisindeksen. Maksimal periode for festeavgift er 5 år.*

- *Årleg festeavgift for kistegraver mellom 20 og 60 år: kr. 500,-*



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	<ul style="list-style-type: none"><li>• <i>Årleg festeavgift for urnegraver mellom 20 og 60 år: kr. 250,- (gjeld også urnegraver i namna minnelund).</i></li><li>• <i>Årleg festeavgift for kistegraver mellom 60 og 99 år: kr. 900,-</i></li><li>• <i>Årleg festeavgift for urnegraver mellom 60 og 99 år: kr. 450,-</i></li><li>• <i>Reservasjon av kistegrav (dobbelgrav): Eingongsavgift tilsvarande 20 års festeavgift: kr. 10.000,- (2025 pris) Avgifta kan ikkje refunderast.</i></li><li>• <i>Reservasjon av urnegrav i urnefelt eller namna minnelund: Eingongsavgift tilsvarande 20 års festeavgift: kr. 5.000,- (2025 pris) Avgifta kan ikkje refunderast.</i></li><li>• <i>Utanbygds kistegravlegging: Gravlegging kr. 10.000,- + festeavgift tilsvarande 20 år. (Kostnad i 2025 prisar vert då kr. 20.000,-)</i></li><li>• <i>Utanbygds urnegravlegging: Gravlegging kr. 5.000,- + festeavgift tilsvarande 20 år. (Kostnad i 2025 prisar vert då kr. 7.500,-)</i></li><li>• <i>Namneplate i namna minnelund: kr. 4.000,- (2025 pris)</i></li></ul>
<b>Vedtak:</b>	<p><b>Fedje sokneråd tilrår følgjande justering av festeavgifter og gebyr for utanbygds gravlegging. Nye avgifter skal gjelda frå 1. januar 2025. Alle avgifter vert justert årleg tilsvarande konsumprisindeksen. Maksimal periode for festeavgift er 5 år om gongen.</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• <b>Årleg festeavgift for kistegraver mellom 20 og 60 år: kr. 500,-</b></li><li>• <b>Årleg festeavgift for barnegraver og urnegraver mellom 20 og 60 år: kr. 250,- (gjeld også urnegraver i namna minnelund).</b></li><li>• <b>Årleg festeavgift for kistegraver mellom 60 og 99 år: kr. 900,-</b></li><li>• <b>Årleg festeavgift for barnegraver og urnegraver mellom 60 og 99 år: kr. 450,-</b></li><li>• <b>Reservasjon av kistegrav (dobbelgrav): Eingongsavgift tilsvarande 20 års festeavgift: kr. 10.000,- (2025 pris) Avgifta kan ikkje refunderast.</b></li><li>• <b>Reservasjon i namna minnelund (dobbelgrav): Eingongsavgift tilsvarande 20 års festeavgift: kr. 5.000,- (2025 pris) Avgifta kan ikkje refunderast.</b></li><li>• <b>Utanbygds kistegravlegging: Gravlegging kr. 10.000,- + festeavgift tilsvarande 20 år. (Kostnad i 2025 prisar vert då kr. 20.000,-)</b></li><li>• <b>Utanbygds urnegravlegging: Gravlegging kr. 5.000,- + festeavgift tilsvarande 20 år. (Kostnad i 2025 prisar vert då kr. 10.000,-)</b></li><li>• <b>Namneplate i namna minnelund: kr. 4.000,- og kr. 6000,- utanbygds (2025 pris)</b></li></ul>



**DEN NORSKE KYRKJA**

Fedjekyrkja

(MØTEBOK)

## SOKNERÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Tone Sævi, Odd-Arild Torstensen, Oddvar Asbjørn Nilsen Husa, Martin Karlsen, Stine Waage, Monica Thomassen Waage og Stein Hugo Fykse.

Varamedlemmer: Hilde Koppen.

Ikkje møtt: Laila Byrkjeland Husa.

Frå kyrkjekontoret: *Evj Beate Uthaug – sekretær.*

Saksoversikt: S 19/24 – S 21/24

S 19/24	<b>GODKJENNING AV INNKALLINGA OG REFERATET FRÅ 27.05.2024</b>
Vedlegg: Referat og innkalling	Møteboka frå 27.05.2024 Innkallinga til møtet 19.09.2024
<b>Vedtak:</b>	<b>Referat godkjent utan merknader.</b>

S 20/24	<b>ORIENTERINGAR</b>
	<ul style="list-style-type: none"><li>• Fleire faste spaltar i Kvardag og Helg</li><li>• Behov for fleire klokkarar</li><li>• «Happening» i kyrkja kvart semester? Kyrkjebasaren i november – bidrag frå medlemmer i soknerådet</li><li>• Ben Lucas 9. september – Tone orienterer frå eit informasjonsmøte</li><li>• Møteplan: kyrkjeverge og sekretær får i oppgåve å sette opp ein møteplan fram til og med første møte haust 2025 (1 før jul 2024, 3 før sommeren 2025, og 1 på høsten 2025.</li></ul>

S 21/24	<b>GODKJENNINGSSAK KYRKJESKIP</b>
	<u>Bakgrunn:</u>





# DEN NORSKE KYRKJA

## Fedjekyrkja

	<p>Kåre Paulsen har på oppdrag frå Fedje sokn tatt på seg å byggja ein modell av redningsskøyta «RS4 Feie», som var i aktiv redningsteneste i perioden 1893 til 1903. I denne perioden opererte den på strekninga Skudesnes – Fedje. Mellom 1905 og 1927 opererte den som losskøyte med same namn. Modellen er ein tru kopi av den 38 fot lange Colin Archer skøyta.</p> <p>Modellskuta er forholdsvis stor (ca. 1,3 m lengde og 1,5 m høgde med mast og segl).</p> <p>Det er gitt ei konkret gåve til formålet, samt at soknet har fått ei større generell gåve, som kan brukast på dette prosjektet.</p> <p>Soknet må søkja Bjørgvin Biskop om godkjenning av dette kyrkjeskipet. Kyrkjeverja sender søknad på bakgrunn av vedtak i soknerådet.</p> <p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje Sokneråd søkjer Bjørgvin Biskop om godkjenning av det nye kyrkjeskipet, som er laga til Fedjekyrkja. Kyrkjeskipet er ein modell av redningsskøyta «RS4 Feie» - og båten representerer dermed lokal forankring og historie.</i></p>
<b>Vedtak:</b>	<b>Fedje Sokneråd søkjer Bjørgvin Biskop om godkjenning av det nye kyrkjeskipet, som er laga til Fedjekyrkja. Kyrkjeskipet er ein modell av redningsskøyta «RS4 Feie» - og båten representerer dermed lokal forankring og historie.</b>